
Saksnr: 2021/18979-4
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad
Dato: 25.10.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Hovudutval for næring
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesdirektøren

Presisering av lovreglar knytt til fagskulestyret sitt personalansvar ovanfor rektor

Notatet tar sikte på ei klargjering kring fagskulestyret sitt lovregulerte ansvar ovanfor rektor.

Det er fagskulelova (fgskol.) frå 2018 som heimlar fagskulestyret sine lovpålagte oppgåver.

Det følger av fskol. kapittel 3 § 9 at alle fagskular skal ha et eget styre (fagskulestyre). I fgskol. § 9 er det vidare lista opp konkrete arbeids- og ansvarsoppgåver som ligg til fagskulestyret. Lista er ikkje uttømmende. Dette betyr at det og kan, og vil, vere andre relevante lovverk som pålegg fagskulestyret oppgåver.

Etter fskol. § 9 er det ikkje tillagt fagskulestyret personalansvar. Skal fagskulestyret ha eit slikt ansvar må det følge av lov på same måte som andre lovpålagte oppgåver må følge av lov.

Av fgskol. § 12 første ledd går det klart fram at «*En fagskole skal ha rektor*». Og det er vidare presisert at styret «*selv skal ansette rektoren*». At fagskulen «*selv*» skal tilsette rektor betyr at det frå lovgjevar si side er lagt ei delegasjonssperre. Altså kan ingen andre enn fagskulestyret tilsette rektor. Fgskl. § 12 har inga andre reguleringar knytt til det vidare personalansvaret for rektor.

Etter fgskl. § 3 er fagskulen eit fylkeskommunalt ansvar, og det vil da vere kommunelova sine administrative bestemningar som gjer seg gjeldande. I kommunelova (kml.) § 13-1 7. ledd går det klart fram at:

«Kommunedirektøren har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed og andre tjenstlige reaksjoner, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov».

Dette betyr at fagskulen tilset rektor, men at det vidare personalansvaret ovanfor rektor ligg til fylkesdirektøren slik som beskrive i kml. § 13-1 7. ledd. Fagskulen kan difor ikkje bestemme eller vedta at dei skal ha slikt ansvar.

Konklusjon:

Fagskulelova gjev ingen heimel knytt til personalansvar ovanfor rektor. Dette ligg etter kommunelova til fylkesdirektøren i Vestland fylkeskommune.